



Universitetet i Bergen (UiB) er eit internasjonalt anerkjent forskingsuniversitet med over 14 000 studentar og vel 3500 tilsette ved seks fakultet. Vi held til midt i hjartet av Bergen og har røter tilbake til grunnleggjinga av Bergens Museum i 1825. Det viktigaste bidraget vårt til samfunnet er framifrå grunnforskning og utdanning med ei stor fagleg breidd.

Postdoktor i tektonikk og overflateprosessar i riftsystemer - ny utlysing

Ved Institutt for geovitenskap er det ledig ei stilling som postdoktor i overflateprosessar under prosjektet MultiRift, finansiert av Forskringsrådet og Statoil.

Det overordna målet med MultiRift-prosjektet er å utvikle ei fundamental forståing av korleis pre-eksisterande strukturar i grunnfjellet så vel som i høgare sedimentære lag påverkar utviklinga av normalforkastingar, topografisk utvikling og avsetningsmønster. Prosjektet er eit samarbeid mellom universiteta i Bergen, Oslo, Manchester og Imperial College (London). Prosjektet vert organisert i tre undertema: 1) analyse av undergrunnsdata frå Nordsjøens riftsystem, 2) numerisk modellering av pre-eksisterande strukturell innverknad under utvikling av normalforkastingar og 3) numerisk modellering av forkastingsvekst og overflateprosessar.

Forskinga vil fokusere på å forstå kjeldeområde og distribusjonssystem for sediment i riftsystem, der pre-eksisterande strukturar spelar ei nøkkrolle for å kontrollere seinare strukturell utvikling. Kandidaten vil utgjere del av ei forskingsgruppe som skal fokusere på numerisk modellering av forkastingsutvikling, samspel mellom overflateprosessar og deformasjon og dessutan tolking av refleksjonsseismiske data for å forstå utviklinga av den nordlige Nordsjøens riftsystem på ein regional skala.

Postdoktorstillinga er ei åremålsstilling og har som hovudmål å kvalifisere den som vert tilsett for arbeid i faglege toppstillingar. Åremålsperioden for denne stillinga er 3 år. Ingen kan tilsetjast som postdoktor i meir enn ein åremålsperiode ved same institusjon.

Personen som vert tilsett, vert ansvarleg for å tilpasse og implementere landskapsutviklings-modellar, slik at dei inkluderer nedskjæring i grunnfjell, sedimentomarbeiding og transport og dessutan sedimentasjon. Modelleringsstrategien vil verte avgrensa av observasjonar frå mellom anna digitale terrengmodellar frå aktive riftsystem, felldata og tolking av refleksjonsseismiske data. Hovudfokuset vil vere å forstå strukturelle kontrollar på erosjonsratar og sedimentdistribusjon gjennom ei kompleks fleirfasert ekstensjonshistorie og transisjonen frå subærile til submarine erosjons- og avsetjingsprosessar langs riftmarginar. Vedkomande må også rekne med samarbeid med andre medlemmer av gruppa for å sette saman ei heilskapleg forståing av den tektonostratigrafiske utviklinga til studieområdet.

Søklarar må ha oppnådd norsk doktorgrad i geologi eller tilsvarende utanlandsk utdanning, eller ha levert doktoravhandlinga si til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at avhandlinga er godkjend før tilsetjing kan skje.

Søklarar må ha bakgrunn og forskingsinteresse innan kvantitativ geomorfologi i aktive tektoniske settingar, og erfaring med modellering av overflateprosessar og programmering. Erfaring med analyse av digitale terrengmodellar, eller arbeid med erosjons- og avsetjingsprosessar i aktive riftsystem vert vurdert som eit fortrinn. Søklarar er venta å ha særleg god munnleg og skriftleg framstillingsevne på engelsk.

Løn etter lønssteg 57 (kode 1352/LR 24.1) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga (lønssteg 57-65). For særleg kvalifiserte søklarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til professor Patience Cowie, phone +47 55 58 35 16 / e-post patience.cowie@geo.uib.no

Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søklarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvoltering i personalreglementet for vitenskaplege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege, sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å verte ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Send søknad, CV, attestar, vitnemål, vitenskaplege arbeid og ei liste over desse (publikasjonsliste) elektronisk ved å klikke på knappen merkt "SØK STILLINGA" på denne sida. Referansar til tre geovitarar som kjenner kandidaten og hans/hennar arbeid må leggjast ved.

Søknadsfrist: 5. august 2013

Merk søknaden: 2012/12116

